

To Uskedalslag vart kvinnheradsmeistrar i stafett.

04.02.2018



Emma Myklebust, Silje Soldal og Saima Kristine Lomheim Døssland vart kvinnheradsmeistrar i stafett.

Det var ein strålende dag i Fjellhaugen skisenter då Kvinnheradsmeisterskapet i stafett vart arrangert laurdag. 23 lag frå Omvikdalen IL, Rosendal TL, IL Ternen og Uskedal IL kjempa om titlane i dei ulike klassane. Løparar frå UIL sikra laget KM-tittel i dameklassen og eldste jenteklasse(13-16 år).



I yngste jenteklasse sikra Uskedalslag både sølv og bronse.

Uskedal idrettslag stilte med 7 lag, og i tillegg til dei to laga som vann, vart det gjort ein svært god innsats av alle, og dei kom heim med fleire sølv- og bronsemedaljar. Emma Myklebust, Silje Soldal og Saima K. L. Døssland gjekk på laget som vann 13-16 årsklassen, medan Kari Bråtun, Solveig og Veslemøy Haugland vart kvinnheradsmeistrar i dameklassen. Første etappe gjekk i klassisk stil, medan dei to siste gjekk i fristil.

De finn fulstendig resultatliste med lagoppstillingar og fleire fine bilde på UIL si heimeside ved å klikka [HER](#), eller ved å gå inn på den ved å klikka på **Uskedal idrettslag under Nettsider frå Uskedalen** i venstre kolonne.

Omvikdal idrettslag og Rosendal turnlag stod for det flotte arrangementet.



I eldste guteklasse vart det også sølv og bronsemedaljar til Uskedalslag.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Knut Johannes Ripel